



*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Molde, 25 sept. 2023

## Oppstart av reguleringsprosess for Gjeitøya på Atlanterhavsveien - uttale

Vi viser til oppstartsmelding om reguleringsprosess for Gjeitøya på Atlanterhavsvegen i Averøy kommune med høyringsfrist 20. okt. i år.

**Forum for Natur og Friluftsliv synes det er viktig å syte for at alle får tilgang til naturen ved Atlanterhavsvegen. Den nasjonale turistvegen må også ta omsyn til natur og friluftsliv, noko som tilseier at eventuelle hotell-utbyggingsar etc må skje på innsida av vegen. Vi ber om at Averøy kommune set i gang ein sikringsprosess for å sikre Gjeitøya til statleg friluftsområde slik som dei gjorde det så godt på Sør-Ildhusøya.**

FNF Møre og Romsdal og våre organisasjonar har i ei årekje ivra for å sikre alt areal på utsida av Atlanterhavsvegen for allmenn bruk. Dette er jo også i tråd med den interkommunale plana til Eide (no Hustadvika) og Averøy kommune der alt areal på utsida av vegen er avsett til allmenne interesser (natur og friluftsliv). Denne interkommunale plana har vore styrande fram til no slik at gjeldande utbyggingsområde har vore på innsida av vegen (Straumsholmen og Skarvøya med kvar si reguleringsplan).

Dei store allmenne interessene ved Atlanterhavsvegen førte i si tid til at Sør-Ildhusøya vart sikra som statleg sikra friluftsområde etter brei politisk einigkeit i Averøy kommune. Vi har



ivra for å fortsette denne prosessen i den forstand at det offentlege kjøper opp alle eigedomar som kjem for sal og som ligg på utsida av Atlanterhavsvegen. Dette ved å nytte seg av statsposten som er satt av til nettopp dette (sjå <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/friluftsliv/myndigheter/soke-om-statlig-sikring-av-friluftslivsområder/soke-om-stotte-til-statlig-sikring/>). Når då eigedomen på Gjeitøya kom på sal i 2022 tok vi den 13 sept. 2022 oss tid til ei synfaring ut til Atlanterhavsvegen. Formålet med synfaringa var vurdering av sikring av Gjeitøya som friluftsområde samt vurdering av hytte på Gjeitøya til allmennytig føremål, eks som turistforeningshytte. Det vart laga eit notat etter denne synfaringa som vart oversendt Averøy kommune (og Hustadvika kommune) den 19 sept. 2022 der det mellom anna står;

*«Slik vi ser det er å sikre Gjeitøya til friluftsliv ved å kjøpe eigedomen teneleg ut frå friluftslivsinteressene. Den utstrakte bruken og slitasjen på terrenget og forsøplingen (nedskitingen) av området gjør at friluftsloven ikkje nødvendigvis dekkjer ålmentas sin bruk av arealet. Slik sett er det rett at området Gjeitøya går frå privat til offentleg eige.»*

**Statleg sikring av friluftslivsområde**

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søke Miljødirektoratet om økonomisk støtte til å sikre seg råderett over friluftslivsområde eller ferdsselsårer gjennom kjøp eller bruksavtale. På denne måten kan prioriterte friluftsområde få eit særleg og langsiktig vern og samtidig få tilgang på tilskotsmidlar til opparbeiding av området.

Send søknaden til fylkeskommunen gjennom elektronisk søknadssenter. Møre og Romsdal fylkeskommune vidaresendar ei anbefaling til Miljødirektoratet om kven som bør få økonomisk støtte.

Miljødirektoratet prioritérer støtte til desse friluftsområda:

- Område som kjem store folkegrupper til gode, nærområde og turvegar/stiar i byar og tettstader har høgast prioritet
- Landfaste område ved sjøen
- Område som vil bli intensivt brukt og som treng tilrettelegging for å kunne brukast til friluftslivsformål
- Område som er behandla og prioriterte i kommunal planprosess etter plan- og bygningslova (t.d. kommuneplan, kommunedelplan for fysisk aktivitet eller reguleringsplan)

Nærare rettleiing om ordninga finn du på [Miljødirektoratet sine nettsider](#) (lenke opnast i ny fane).

Sjå kart i [Miljødirektoratet sin Naturbase](#) (lenke opnast i ny fane).

Utdrag frå <https://mrfylke.no/kultur-folkehelse-og-tannhelse/folkehelse-idrett-og-friluftsliv/friluftsliv>



I si tid laga Miljøverndepartementet ei Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder (sjå <https://www.regjeringen.no/contentassets/f6af717dac1949179ab3b1e105d34fa0/t-1534.pdf>). I dette arbeidet sendte vår fylkeskommune inn ei liste over areal ein bør sikre til friluftsliv i fylket vårt. På denne lista står det mellom anna som sikringspunkt; «5 Atlanterhavsvegen. Areala på utsida av Atlanterhavsvegen frå Vevang til Kårvåg.» Slik sett er sikring av Gjeitøya heilt i tråd med denne handlingsplana.

Når vi les Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021–2024 står det mellom anna følgjande; «*Forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep.*» Vi meiner at etablering av eit hotell ut i det opne landskapet ved Atlanterhavsvegen er eit heilt unødig landskapsinngrep og er lite berekraftig og vil vere i strid med vår gode fylkesplan.

Vi meiner at alle må få lov til å nytte det fantastiske kystlandsskapet som er ved Atlanterhavsvegen - den nasjonale turistvegen sett jo premissar om dette. Om det skal leggast til rette for utbygging av hotell etc må dette skje på innsida av vegen i tråd med gjeldande planar det vere seg kommunens eigne plan eller fylkesplan.

Helsing

#### **Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg: Notat – synfaring Gjeitøya og Atlanterhavsvegen 13 sept 2022

Kopi: Hustadvika kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal